



KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Møte nr: 4/18
Møtedato: 14.6.2018
Tid: Kl. 09.30 – kl. 14.45
Møtestad: Kommunestyresalen, Aukra kommunehus
Sak nr: 18/18 – 23/18
Møteleiar: Ole Rakvåg, nestleiar (H)
Møtande medlemmer: Håkon Inge Sporsheim (Frp)
Wilhelm Andersen (Ap)
Forfall: Oddvar Hoksnes, leiar (Krf)
Oddbjørg Sporsheim (V)
Ikkje møtt: Ingen
Møtande vara: Jørgen Svenheim (Sp)
Frå sekretariatet: Jane Anita Aspen, daglig leder
Frå revisjonen: Ingen
Av øvrige møtte: Ingrid Husøy Rimstad, rådmann (under OS 06/18, sak 20/18 og 21/18)
Erna Varhaugvik, økonomisjef (under sak 20/18 og 21/18)
Marianne Bolghaug, pedagogisk rådgjevar (under OS 06/18)

Leiaren ønska velkommen og leia møtet.

Det framkom ingen merknader til innkalling.

Det vart framsett forslag om at sak 20/18 vart behandla før sak 19/18, vidare OS 06/18. Sak 19/18 etter sak 21/18. Saklista vart godkjent med denne endringa.

TIL HANDSAMING:

UTV. SAKSNR.	TITTEL
PS 18/18	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 8. MAI 2018
PS 19/18	REFERAT OG ORIENTERINGAR
PS 20/18	AUKRA KOMMUNE. ØKONOMIRAPPORT 1. TERTIAL 2018
PS 21/18	RÅDMANNEN SIN PLAN FOR OPPFØLGING AV TILRÅDINGAR I FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT OM OFFENTLEGE ANSKAFFINGAR
PS 22/18	OPPFØLGINGSLISTE
PS 23/18	EVENTUELT

PS 18/18	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 8. MAI 2018
-----------------	---

Kontrollutvalet sitt vedtak

Protokollen frå møte 8. mai 2018 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1. Wilhelm Andersen

2. Håkon Inge Sporsheim

Kontrollutvalet si handsaming

Wilhelm Andersen og Håkon Inge Sporsheim vert peika ut til å underskrive protokollen.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles tilråding frå utvalet sine medlemmer (4 voterande)

PS 19/18	REFERAT OG ORIENTERINGAR
-----------------	---------------------------------

Kontrollutvalet sitt vedtak

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming

Referatsaker:

- RS 16/18 **Innkalling til representantskapsmøte Møre og Romsdal Revisjon IKS 20.4.2018.**
- RS 17/18 **Protokoll frå representantskapsmøte Møre og Romsdal Revisjon IKS 20.4.2018.**
- RS 18/18 **Innkalling til eigarmøte Møre og Romsdal Revisjon IKS 20.4.2018 .**
- RS 19/18 **Protokoll frå eigarmøte Møre og Romsdal Revisjon IKS 20.4.2018.**
- RS 20/18 **Signerte dokument frå sluttmøte 27.4.2018 i Kommunerevisjonsdistrikt 2, frå Veslemøy E. Ellinggard til medlemskommunane.**
- RS 21/18 **Protokoll frå styremøte i Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal 25.4.2018.**
- RS 22/18 **Årsmelding 2017 – Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal.**
- RS 23/18 **Etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Aukra kommune 2018-2022 - rådmannen sitt saksframlegg frå 17.4.2018 i k-sak 20/18, protokoll og retningslinjer.**
- RS 24/18 **Reglement for finansforvaltnings i Aukra kommune – rådmannen sitt saksframlegg til formannskapet 11.6.2018, sak 49/18, samt reglement.**
- RS 25/18 **Strategisk grep for å hindre svart økonomi ved innkjøp – rådmannen sitt saksframlegg til formannskapet 11.6.2018, sak 40/18, vedlagt samarbeidet mot svart økonomi (SMSØ) sine 10 råd.**

Orienteringssaker:

- OS 06/18 **Tilstandsrapport for grunnskolen i Aukra – særutskrift frå kommunestyret sitt vedtak 17.4.2018 i k-sak 20/18, samt tilstandsrapport.**
Pedagogisk rådgjevar i Aukra kommune, Marianne Bolghaug orienterte kontrollutvalet.
Bolghaug opplyser at tilstandsrapporten minimum skal innehalde opplysningar om
-læringsresultat
-læringsmiljø
-overgang til vidaregåande opplæring (fråfall).

Pedagogisk konsulent opplyste at livsløpsutvalet har gjennomført arbeidsmøte for å kome med innspel til kva tilstandsrapporten bør innehalde. Kommunen har tilgang på svært mykje data som kan nyttast.

Fram til neste tilstandsrapport skal presenterast, så skal ein arbeide meir med mål for læringsresultat.

I kommunestyret vart det også uttrykt eit ønskje om meir foreldreinvolvering.

Pedagogisk rådgjevar understrekar at overgangane i opplæringsløpet er viktig; frå barnehage til barneskule, frå barneskule til ungdomsskule og frå ungdomsskule til vidaregåande opplæring.

Rådmannen vil til neste år legge fram ein tilstandsrapport som tek for seg heile opplæringsløpet, der barnehagane også er med.

Kontrollutvalet er opptatt av at det må arbeidast aktivt for å hindre mobbing.

Pedagogisk rådgjevar opplyser at rettsaka har ført til lærdom, ho opplever at personalet i skulane har høge ambisjonar om å hindre dette. Kommunen deltar i ei satsing med Innsatsteam mot mobbing og skulane har blitt skolert for å følge opp varsling av mobbing, også varslingar som vert gjeve anonymt.

Når det gjeld dei forskjellane som kjem fram i lærarårsvek mellom Julsundet skole og Gossen barne og ungdomsskole, så kan noko av dette forklarast med spesialundervisning og særskilt norskopplæring for framandspråklege.

Administrasjonen held på å analyser tal.

Når det gjeld kompetanseutvikling av lærarar, slik at dei oppfyller kompetansekrava, så opplyser Bolghaug at det er etablert eit lokalt tilbod om vidareutdanning for Romsdalskommunane. Tilbodet vert gjeve i Molde. Utover dette så har ein også fokus på å få dekkja kompetansekrava ved rekruttering av nye lærarar. Kommunen opplever utfordringa med rekruttering både når det gjeld barnehagelærarar og lærarar i skulen.

Når det gjeld oppfølging av tilsynet som vart gjennomført frå fylkesmannen i 2016, så opplyser Bolghaug at det er blitt utarbeidd malar for dokumenta som skal lagast.

Vidare vert det årleg gjennomført ei analyse av anonymiserte spesialundervisningssaker for å vurdere om målsetjingane som er satt for opplæring er gode og for å vurdere læringsutbytte. Bolghaug opplyser at dei har fått på plass det som vart avdekt i tilsynet.

Marianne Bolghaug viser til at eit ekspertutval leia av Thomas Nordahl, i april la fram ein rapport om korleis det står til med spesialundervisning i Noreg. I rapporten kjem det fram at:

- det er generelt låge forventningar
- manglande kompetanse hos dei som underviser
- dårlege målformuleringar for undervisninga

Pedagogisk rådgjevar Marianne Bolghaug gjennomgjekk også faglege resultat og svarte på spørsmål frå utvalet undervegs i orienteringa.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

PS 20/18	AUKRA KOMMUNE. ØKONOMIRAPPORT 1. TERTIAL 2018
-----------------	--

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet tek Aukra kommune sin økonomirapport for 1. tertial 2018 saman med administrasjonen si munnlege framstilling, til orientering.

Kontrollutvalet oppmodar om at finansrapporten vert inkludert i den ordinære tertialrapporteringa.

Kontrollutvalet har merka seg at det kan ligge store utfordringar i dei økonomiske utsiktene.

Kontrollutvalet si handsaming

Økonomisjef Erna Varhaugvik informerte kontrollutvalet. Varhaugvik seier at det framleis er tidleg på året, det er difor ein del usikkerheit knyt til nokre av avvika. Spesielt gjeld dette skatteinngangen. Det er vanskeleg å anslå eigeomsskatten enda, det vil rådmannen kome tilbake til ved 2. tertialrapporteringa. Økonomisjefen kommenterte også dei avvika som er størst i driftseiningane. Ein har ikkje rådd til budsjettkorrigeringa i driftseiningane no, dette vil ein kome tilbake til ved 2. tertial.

Det er heller ikkje noko endringar i prognose på investeringsprosjekta verken på økonomi eller framdrift. Dei budsjettkorrigeringane som vert gjort er knytt til opprettingar grunna manglande politiske vedtak.

Økonomisjefen gjev uttrykk for ei uro for at disposisjonsfondet, utover det som er knytt til fastlandsløysinga, kanskje ikkje er stort nok. Det kan vere ønskeleg at det vert vedtatt handlingsreglar som knyter seg til størrelse på disposisjonsfond, utanom fond for fastlandsløysing.

Økonomisjefen gjev også uttrykk for at ein må vere budd på at det kan skje endringar i nivå på eigeomsskatt.

Når det gjeld oppmoding om å legge finansrapporteringa inn i tertialrapporteringa, så er årsaka til at dette ikkje er gjort av omsyn til kapasitet. Økonomisjefen gjev uttrykk for at ein ser at det er fordelar med å ha dette samla, og vil vurdere oppmodinga.

Økonomisjefen svarte på spørsmål frå utvalet undervegs i orienteringa.

Det vart i møte framsett forslag om at det vert lagt til følgjande tillegg til sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet har merka seg at det kan ligge store utfordringar i dei økonomiske utsiktene.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (4 voterande)

Sekretariatet si tilråding til vedtak

Kontrollutvalet tek Aukra kommune sin økonomirapport for 1. tertial 2018 saman med administrasjonen si munnlege framstilling, til orientering.

Kontrollutvalet oppmodar om at finansrapporten vert inkludert i den ordinære tertialrapporteringa.

PS 21/18	RÅDMANNEN SIN PLAN FOR OPPFØLGING AV TILRÅDINGAR I FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT OM OFFENTLEGE ANSKAFFINGAR
-----------------	---

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet er tilfreds med det arbeidet som så langt er gjort. Kontrollutvalet ser med interesse fram til å motta ein statusrapport for arbeidet til første kontrollutvalsmøte i 2019.

Kontrollutvalet si handsaming

Kontrollutvalet fekk presentert plan for oppfølging av tilrådingane gjeve i forvaltningsrevisjonen «Aukra kommune – offentlege anskaffelser». Presentasjonen var ikkje kjent for kontrollutvalet eller sekretariatet på førehand.

Planen vart presentert av økonomisjef Erna Varhaugvik. Varhaugvik opplyser at planen ikkje har vore presentert for leiargruppa enda, det kan difor bli gjort nokre korrigeringar. Presentasjonen vert sendt sekretariatet etter møte, slik at kontrollutvalet har den for vidare oppfølging.

Varhaugvik opplyser at dei i planen har lagt vekt på å tydeleggjere prosessar og definere roller.

I planen er det laga ei matrise som viser kva punkt i planen som skal avhjelpe dei ulike tilrådingane.

Økonomisjef Erna Varhaugvik og rådmann Ingrid Husøy Rimstad svarte på spørsmål frå utvalet undervegs i orienteringa.

Det vart i møte framsett følgjande forslag til vedtak:

Kontrollutvalet er tilfreds med det arbeidet som så langt er gjort.

Kontrollutvalet ser med interesse fram til å motta ein statusrapport for arbeidet til første kontrollutvalsmøte i 2019.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (4 voterande)

Sekretariatet si tilråding til vedtak

Saka vart lagt fram utan tilråding til vedtak

PS 22/18	OPPFØLGINGSLISTE
-----------------	-------------------------

Kontrollutvalet sitt vedtak

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

Revidering av gjeldande økonomireglement i Aukra kommune

Eit økonomireglement skal beskrive hovudreglane for den økonomiske styringa av kommunen si verksemd. Reglementet bør klargjere ansvaret mellom det politiske og det administrative nivået i kommunen og beskrive kommunen sine interne reglar og fullmakter.

Økonomireglementet bør innehalde kommunen sine vedtak om økonomiplan, budsjett, rapportering, rekneskap og årsrapport. Økonomireglementet kan supplere delegeringsreglementet når det gjeld økonomisaker. Aukra kommune sitt økonomireglement er frå 2005 og vart revidert i desember 2009. Eit økonomireglement bør rullerast og oppdaterast jamleg.

14.06.18: Kontrollutvalet forventar at det føreligg eit revidert økonomireglement til kontrollutvalsmøte i oktober.

Barnevernstenester

Barnevernstenesta er ei interkommunal teneste for Molde, Midsund, Aukra og Eide kommunar, med Molde kommune som vertskommune.

Kontrollutvalet vart i møte 3.5.2017 gjort kjent med foreløpige KOSTRA-tal 2016, som viser at Aukra kommune har mange fristbrot. Det har også dei andre kommunane som er med i barnevernssamarbeidet. Sidan dette er 2016-tal, ønskjer kontrollutvalet ei oppdatering frå administrasjon om situasjonen når det gjeld barnevern.

Tertialrapport 1. tertial 2017 viser at behov for fleire barnevernstiltak fører til ei auke i utgifter på 3 742 000.- frå 4 038 000.- til 7 780000.-, dvs. nesten 100 % auke.

14.06.18: Rådmannen gav utvalet tilbakemelding etter statusmøte med barnevernstenesta. Ho seier ho er trygg på at dei jobbar systematisk, og ser ikkje grunn til uro. Rådmannen vil følgje med på utviklinga. Ho er litt bekymra for den organisasjonsendringa som er venta (Eide ut/Vestnes inn), då slike endringar alltid medfører risiko.

Grunnskoleområdet

Kontrollutvalet fekk i 2016 framlagt tilsynsrapporten «Skolen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa, Aukra kommune – Gossen barne- og ungdomsskole» Tilsynet viste (3 avvik). Kontrollutvalet ønskjer årleg å få framlagt kommunen sin tilstandsrapport for grunnskoleområdet, for å følgje med på utvikling på området.

14.06.18: Utvalet fekk framlagt tilstandsrapport for grunnskolen i Aukra 2017 og pedagogisk rådgjevar orienterte jf. OS 06/18.

Omstillingsprosessen i omsorgstenestene i Aukra kommune

Fylkeslegen hadde i 2016 tilsyn og avdekt følgjande; Avvik 1: Aukra kommune sikrar ikkje at tilsette har nødvendig kunnskap om pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 4A. Avvik 2: Aukra kommune sikrar ikkje at helsehjelp til pasientar i sjukeheim blir vurdert i tråd med reglane i pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 4A. Tidlegare forvaltningsrevisjonsrapport «Kvalitet i sykehjemstjenster i Aukra kommune» avdekte også utfordringar med å sikre tilstrekkeleg bemanning og kompetanse ved Aukraheimen. I 2017 har det vore uro knytt til ny arbeidstidsordning ved Aukraheimen og i 2018 skal det nye omsorgssenteret takast i bruk. Utvalet ynskjer difor å følgje utviklinga.

14.06.18: Nestleiar hadde fått eit eksemplar av ei n brosjyre «Aukra omsorgssenter», brosjyra vert arkivert i kontrollutvalet sitt arkiv.

Kontrollutvalet si handsaming

Utvalet gjekk i gjennom sakene i oppfølgingslista.

Til dette møtet var det lagt opp til orientering frå administrasjonen knytt til følgjande sak oppfølgingslista:

- **Tilstandsrapport for grunnskolen i Aukra**

Det vart ikkje satt fram forslag om å føre opp nye saker på oppfølgingslista.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (4 voterande)

Sekretariatet si tilråding til vedtak

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

PS 23/18	EVENTUELT
-----------------	------------------

Tiltaksplan 2018 – Kontrollutvalet i Aukra kommune

Møteleiar kom med innspel på at ein kanskje burde finne eit meir passende namn på planen. Kanskje arbeidsplan. Sekretariatet blir bedt om ta med innspelet til vurdering i forhold til neste års planar.

Det vart gjort følgjande oppdateringar i tiltaksplanen i møte:

Oppgaver knytt til tilsyn med forvaltningen

Kontrollutvalet har fordelt merksemd på politiske utval slik:

-Saker frå formannskapet – Ole Rakvåg

-Saker frå livsløpsutvalet – Ole Rakvåg og Wilhelm Andersen

10.12.18 Verksmdsbesøk/orientering frå ein einingsleiar

Kontrollutvalet sine oppgaver i samband med forvaltningsrevisjon

14.06.18 Plan for oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport om offentlege anskaffingar

Referat frå Forum for kontroll og tilsyn (FKT) årsmøte og fagkonferanse

Håkon Inge Sporsheim og Ole Rakvåg som deltok på fagkonferansen, gav utvalet eit fyldig referat.

Håkon Inge Sporsheim deltok også på årsmøtet til FKT, medan Ole Rakvåg då deltok på Kommunal Rapport sin målekonferanse. Rakvåg gav utvalet eit kort referat frå denne sekvensen også.

Ole Rakvåg
nestleiar

Wilhelm Andersen
medlem

Håkon Inge Sporsheim
medlem

Jørgen Svenheim
varamedlem

Jane Anita Aspen
sekretær